



Hamnevert Kåre K. Rød skal tilbringe store deler av sommaren på seglarferie. Dermed må båtlaget finne ei anna løysing på hamnevertordninga.

**Hamnesjefen i båthamna, Kåre K. Rød, skal bruke sommaren til seglarferie. Dermed må båtlagsstyret finne ei anna løysing for at turistar som gjestar bygda sjøvegen i sommarsesongen, skal verte godt mottekne. Mykje er på stell. Betalingsordninga fungerer godt. Det gjer og reinhaldet av båtlagshuset, der ein leiger inn vaskehjelp.**

- Det er likevel viktig at dei tilreisande har nokre å henvenda seg til, seier båtlagsformann Trond L. Myklebust, og

legg til, - dei har ofte spørsmål som er viktige for ferien deira, men som er enkle for oss som er lokalkjende å svare på. I tillegg kan det vere at det dukkar opp ting som enkelt kan ordnast opp i slik at gjestene vert møtt av ei ryddig og gjestevennleg hamn.

Styret håpar å kunne skape eit koseleg miljø i hamna der båtlagsmedlemmer og andre frå bygda møtest utan å vera bundne heile sommaren. Det vil vere med å styrkje sommarbygda vår. – Båtlaget skal spandere kaffi viss det vert ein fast gjeng som samlast der nede. Det er og planar om å ordne med party-telt som skal stå heile sommaren, seier båtlagsformannen.

Han håpar mange, både båtlagsmedlemmer og andre, vil ta kontakt med styret om saka, - både dei som ønskjer å bidra, og dei som har spørsmål. Trond kan kontaktast på mobil 926 65 599, og heile styret rekk ein på e-post [uskedalbatlag@hotmail.no](mailto:uskedalbatlag@hotmail.no)

Dersom båtlaget får til dette, vil det garantert verte ein triveleg møteplass for mange gjennom sommaren. Og kvifor skulle ikkje Uskedalen få det til når Husnes har klart noko liknande?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.